



Vestnes  
kommune



midt i blinken

## Å flytte på institusjon - informasjonsbrosjyre frå Vestnes kommune



- **Kva kostar ein langtidsplass?**
- **Korleis blir min økonomi?**
- **Kva bør eg ha tenkt igjennom?**
- **Kven kan eg snakke med?**

Vi som arbeider med søknader om langtidsplassar i institusjon, og betaling for desse, møter bebuarar og pårørande som synes det økonomiske er vanskeleg å forstå.

Vi håper at denne brosjyren skal gjere det enklare å nå ut med informasjon og råd som gjer at du som innbyggjar er betre budd og kan ta gode grep for framtida for deg sjølv og dine næraste.

### KVA KOSTAR EIN LANGTIDSPASS?

Alle som flyttar permanent til ein institusjon vil få ein eigen individuell berekning av betaling for plassen. Lovverket som regulerer dette er likt for heile landet.

Eigenandelen, som du må betale, vert berekna av di netto inntekt som her vil seie inntekt minus skatt og gjeldsrenter. Som inntekt vert alle laupande inntekter rekna med. Det kan til dømes vere lønn, pensjon, aksjeutbytte, leigeinntekter, med meir.

Av inntekter inntil folketrygda sitt grunnbeløp, fråtrekket eit fribeløp - betaler du inntil 75%. Av øvrig inntekt betaler du 85%.

Du betaler ikkje eigenandel av eventuell formue, men du får heller ikkje frådrag for skatt på formue.

På same måte som med skattetrekk, er eigenandel i institusjon ei førebels betaling. Først året etter, når skatteoppgjeret er klart, veit vi kva du har hatt i inntekter og frådrag. Då skal kommunen gjere ei kontrollberekning for å sikre at betalinga vert riktig.

### Korleis vert min økonomi?

Betalinga for institusjonsplassen skal dekke kost, losji, medisin og nødvendig tannbehandling og helsehjelp.

Du skal og ha ein «lommepengedel» til eige forbruk. Den vil avhenge av di nettoinntekt, men minstebeløpet vil vere om lag kr 2500,- pr månad.

Du kan og ha rett til **ein betalingfri månad når du flyttar inn**, men dette gjeld ikkje om du har vore meir enn 60 dagar på ein korttids plass eller kjem rett frå ein annan institusjon.

Etter søknad kan du få rett på:

**Frådrag for bu-utgifter:** som hovudregel kan det gjevast frådrag for bu-utgifter i inntil 3 månadar, i særskilde tilfelle i inntil 6 månader. Søknad må kome seinast 2 månader etter innflytting i institusjon. For meir informasjon, sjå Vestnes kommune sine nettsider.

### HEIMEBUANDE EKTEFELLE

Mange uttrykker bekymring for korleis ektefellen vil klare seg økonomisk når ein sjølv flyttar på institusjon.

Dersom du har vore hovudforsørgjar, og du og den du bur saman med er gift/sambuar og/eller har felles born, vil du som regel ha rett til frådrag i betalinga.



Vestnes  
kommune



midt i blinken

Frådraget skal etter reglane minst tilsvare det den heimebuande hadde fått frå Folketrygda dersom han eller ho blei enkje eller enkjemann.

Vi opplever at dei fleste heimebuande ektefellar klarar seg bra økonomisk.

Slik reglane er i dag, vil sambuarar utan felles born ikkje ha rett på forsørgjarfrådrag.

## KVA BØR EG HA TENKT PÅ?

### Tilgang til bank og skattemelding

Stadig fleire av oss betalar rekningar og får skattemelding/skatteoppgjer på nettet. Det gjer det vanskelegare for pårørande å hjelpe, av di opplysningane er beskytta. I nettbanken kan du sjølv velje kven som skal disponere dine konti. Du kan og gje andre fullmakt til å sjå, endre og levere skattemeldinga di på skatteetaten.no.

### Fullmakt, verjemål og framtidfullmakt

Statsforvaltaren kan oppnemne verje som kan hjelpe deg den dagen du skulle trengje det. Det finns og andre gode alternativ. Ved å skrive ei *framtidfullmakt*, kan du sjølv bestemme at nokon du stoler på skal ta vare på dine interesser. Du finn god informasjon på nett på fylkesmannen.no og på vergemal.no om desse tema.

### Bustad og formue

Få einslege har økonomi til å behalde eigen bustad utanom når dei flyttar på institusjon. Det er difor viktig å ha tenkt igjennom kva du sjølv ønsker. Det kan vere vanskeleg å få overført formue og fast eigedom til arvingar etter at du har kome på institusjon. Gjer difor tiltak medan du framleis er ved god helse. Dersom du ønsker å behalde bustaden etter at du er kome på institusjon bør du ha satt av pengar til å dekke dei laupande utgiftene over tid.

### Våre viktigaste råd

Tenk igjennom på førehand og i god tid korleis du ønsker at din økonomi skal vere ordna. Snakk med dine næraste om dette og legg tilhøva til rette medan du er ved god helse.

## Kontakt oss

Ønsker du meir informasjon om langtids plass i institusjon i Vestnes kommune, så kan du kontakte Eining for tildeling og koordinering.

Telefon: 47 66 27 33 (måndag – fredag kl 10 - 14)

Epost: [tildelingskontoret@vestnes.kommune.no](mailto:tildelingskontoret@vestnes.kommune.no)

Postadresse:

Eining for tildeling og koordinering

Brugata 10

6390 Vestnes